
Dato	02.12.2022
Vår referanse	2022/3616-114
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Tor Martin Misund
E-post	Tor.Martin.Misund@vlfk.no
Telefon	97728740

Høyring Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-2035 og handlingsprogram 2023-2027

Fylkesutvalet vedtok 29.11.22 å sende framlegg til *Regional plan for fornybar energi 2022-2035 med tilhøyrande Handlingsprogram 2023-2027* på høyring og offentleg ettersyn etter plan og bygningslova § 4-1.

Vi ynskjer innspel innan høyringsfristen 20. februar 2023.

De kan lese meir om arbeidet rundt fornybar energi planen [her](#)

Bakgrunn

Føremålet med regionale planar er å mobilisere og samordne innsatsen i fylket og fremje brei, open og inkluderande samfunnsutvikling i heile fylket.

For å nå dei store, globale klimamåla, må vi gjere ein innsats på alle nivå, inkludert på regionalt og lokalt nivå. Vestland set seg høge ambisjonar knytt til klimaomstilling og nullutslepp i Utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Vi er både modige og framoverlente. Vi skal inkludere, inspirere og mobilisere heile Vestlandssamfunnet til innsats for ei berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling. Skal vi lukkast med ein god kraftbalanse og sikker kraftforsyning som bidrar til grøn verdiskaping, er produksjon av og tilgang på fornybar energi vesentleg. Regional plan for fornybar energi fokuserer på korleis Vestland skal lukkast med å løyse energiutfordringane, og set mål om auka produksjon frå alle dei seks fornybare energikjeldene samstundes som den set mål om utvikling av kraftnettet. Planen inneheld og 38 retningslinjer.

Vestland skal fortsette å være Noregs største produsent av rein fornybar energi som både kan delast med omverda samtidig som grønne industriar fortset å vekse i fylket.

Kva meiner du og din organisasjon?

Vestland fylkeskommunen inviterer dykk alle til å gje høyringsinnspel. Vi ønskjer di meining om korleis vi skal nå hovudmålet i planen. Det handlar om at Vestland fylke får energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping.

Vi ønskjer også innspel på

- tema i planen
- ambisjonsnivå til dei enkelte fornybare energikjeldene
- korleis vi får ei robust kraftforsyning i fylket
- utdanning, forskning og innovasjon som omhandlar fornybar energi
- retningslinjene i planen
- Tiltaka i handlingsprogrammet

Innspel

Vi ønskjer at de sender innspel via digitalt skjema på høyringssida, som du finn [her](#), men innspel kan også sendast til post@vlfk.no. Merk innspela med referanse 2022/3616.

Høyringsfristen er 20. februar 2023

Eventuelle spørsmål kan rettast til :

Prosjektleiar fornybar planen Tor Martin Misund, tor.martin.misund@vlfk.no , tlf 97728740

Vedlegg

1. Utkast Regional plan for fornybar energi i Vestland 2023-3035
2. Utkast Handlingsprogram 2023-2037
3. Saksprotokoll i fylkesutvalet – 29.11.2022
4. Kunnskapsgrunnlag

Med helsing

Tor Martin Misund

seniorrådgjevar

NPI - Grøn vekst, klima og energi

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift